



Arkivnr: 2015/318-1
Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		10.03.2015
Opplærings- og helseutvalet		17.03.2015
Fylkesutvalet		24.03.2015

Høyring - Kan EUs mobilitetsverktøy ECVET nyttast for å godkjenne kompetanse?

Samandrag

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring spørsmål om EUs mobilitetsverktøy ECVET (European Credit System for Vocational Education and Training) kan nyttast for å godkjenne kompetanse. Høyringsfristen er 30. januar 2015. Fylkesrådmannen har sendt førebels svar i tråd med innstillinga til vedtak med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1	Proessen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
2	Ansvar for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.
3	Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2015

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring spørsmål om EUs mobilitetsverktøy ECVET (European Credit System for Vocational Education and Training) kan nyttast for å godkjenne kompetanse. Høyringsfristen er 30. januar 2015. Fylkesrådmannen har sendt førebels svar i tråd med innstillinga til vedtak med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming.

ECVET vart utvikla av Europakommisjonen for å gjere samanlikning av kompetansar mellom land enklare, og dermed bidra til ein meir open europeisk arbeidsmarknad. Arbeidet med å innføre ECVET som mobilitetsverktøy har ikkje vore prioritert i Norge. Rekommandasjonane om alle EU sine mobilitetsverktøy er no innlemma i EØS-avtalen, og Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag av Kunnskapsdepartementet å vurdere konsekvensar av og utvikle modellar for ei mogleg implementering av ECVET i Noreg.

Det europeiske samarbeidet om fag- og yrkesopplæring, Københavnprosessen, har som formål å auke kvaliteten i opplæringa, gjere fag- og yrkesopplæringa meir attraktiv, og å gjere samanlikning av kompetansar mellom land enklare. Det er utvikla fire mobilitetsverktøy som skal gjere det enklare å samanlikne kompetanse på tvers av landegrensar og læringsarenaer:

- *Europass* fagskildring gjev ei kortfatta skildring av sluttkompetansen til yrkesfagleg utdanning som hjelpemiddel til å kunne forstå andre europeiske kompetansebevis.
- *Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF)* er ei relativt grovmaska skildring av forventade læringsutbytte på i alt åtte kvalifikasjonsnivå. Det norske nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (NKR) har sju kvalifikasjonsnivå og er godkjent innanfor EQF. Dette opnar for samanlikning med kvalifikasjonssystem i andre land.
- *European Quality Assurance in Vocational Education and Training (EQAVET)* er meint som reiskap til å støtte og inspirere deltakande land til å fremje og måle kvalitetsutvikling gjennom ein sams referanseramme. EQAVET kan bidra til ei meir einskapleg forståing av kvalitetsutvikling.
- *European Credit System for Vocational Education and Training (ECVET)* som mobilitetsverktøy har som mål å godkjenne kompetansen til einskildpersonar, uavhengig av kvar og over kor lang tid dei har oppnådd kompetansen.

Denne høyringa gjeld ECVET og spørsmål om dette mobilitetsverktøyet er eigna som reiskap for å godkjenne kompetanse innanfor følgjande tre målgrupper:

1. Elevar og lærlingar som tek delar av utdanninga i utlandet
2. Vaksne som ønskjer realkompetansevurdering
3. Personar som ønskjer godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring

Målgruppene er valt fordi dei representerer personar som byggjer opp eller har bygd opp kompetanse på andre måtar enn gjennom det tradisjonelle norske utdanningssystemet. Første del av høyringa har generelle spørsmål om ECVET, og deretter følgjer spørsmål relatert til kvar av dei tre målgruppene.

Elevar og lærlingar som tek delar av utdanninga i utlandet

Senter for Internasjonalisering i Utdanning (SIU) forvaltar EUs nye Erasmus+ program. Innanfor dette programmet kan elevar og lærlingar ta delar av fagopplæringa i utlandet. Høyringsnotatet nyttar døme frå Akershus fylkeskommune og deira utplassering av lærlingar til å illustrere korleis ECVET er nytta til å kvalitetssikre opphalda som vart gjennomført med Erasmus+-midlar. Det vart nytta eit såkalla Memorandum of Understanding som intensjonsavtale mellom Akershus fylkeskommune og samarbeidande forvaltningsmynde, og ein Learning Agreement med mottakarverksemda. Learning Agreement skildrar forventade læringsutbytte og kva aktivitetar lærlingane må delta i for å nå dette. Den skal innehalde mål relatert til læreplan for fag i Kunnskapsløftet og omhandle vurdering, dokumentasjon og godkjenning av læringsutbytte. Slik vil kompetansen lærlingane har tileigna seg ute, verte ein anerkjend del av det totale opplæringsløpet. Læringsutbytte er definert som kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse. Dette omgrepet er det viktig å skape breiare forståing for i arbeidslivet.

ECVET kan gjere det enklare å sjå, vurdere og godkjenne opplæring ungdom har fått i utlandet. Gjennom intensjonsavtalar og opplæringsplan kan ein sjå kva eleven/lærlingen har lært og samanlikne med læreplanen i faget. Det kan likevel stillast spørsmål om det er naudsynt med ein eigen dokumentasjon på læringsutbytte i mobilitetsopphald, særleg der opphalda er korte. Dersom opplæringa i utlandet vert gjeven på bakgrunn av opplæringsmål i Kunnskapsløftet vil eleven/lærlingen få dokumentasjon på sluttkompetanse gjennom vitnemål og fag-/sveinebrev som omfattar det eleven/lærlingen har lært i utlandet. Dei vil òg få Europass-mobilitet som dokumenterer kva arbeidsoppgåver ho/han hadde. Det er noko uklårt for fylkeskommunen kva meirverdi ECVET vil kunne ha her.

Vaksne som ønskjer realkompetansevurdering

Realkompetansevurdering er å anerkjenne kompetansen til ein person uavhengig av kvar og korleis kompetansen er oppnådd. I Norge skal realkompetansevurdering av vaksne gjerast opp mot fag i Kunnskapsløftet. Metoden til ECVET med skildring av læringsutbytte basert på nøkkelaktivitetar/kompetanseområde eller produkt og tenester sett i relasjon til eit yrke vil kunne vere eit godt verktøy i dette arbeidet. Realkompetansevurderinga vil då verte uttrykt i skildringar av læringsutbytte.

Fylkeskommunen understrekar at arbeidet med formal- og realkompetansevurdering og vidaregåande yrkesutdanning for vaksne vil vere tent med (også) å ha eit felles europeisk rammeverk for vurdering og opplæring. Arbeidsmigrasjonen er i dag stor og vil truleg halde fram på eit høgt nivå. Fylkeskommunen har mange vaksne med utdanning og arbeidserfaring frå andre europeiske land som ønskjer å få vurdert sin kompetanse i det norske systemet, og eventuelt byggje vidare på denne med ny vidaregåande utdanning. Ein må samstundes ha i mente at ECVET handterer relativt komplekse vurderingsmåtar på store og uoversiktlige yrkesfaglege sektorar. Det kan vere ein tanke at Utdanningsdirektoratet, eller VOX, kunne gjennomføre fagseminar med tanke på å etablere ei rimeleg felles oppfatning av innhald og virkemåte i dei aktuelle europeiske mobilitetsverktøya.

Eit standardisert og felles avtaleverk for intensjon om og gjennomføring av opplæring på bakgrunn av realkompetansevurdering vil vere til nytte i yrkesutdanninga for vaksne. Delar av denne opplæringa/rest-opplæringa bør gjennomførast i bedrift for å styrke kvaliteten i opplæringa. Eit felles avtaleverk som stadfestar og konkretiserer opplæringsaktiviteten i bedrift i desse opplæringsperiodane, vil kvalitetssikre denne delen av det praksisnære læringsarbeidet. ECVETs kategoriar i nøkkelaktivitetar og kompetanseområde og i tenester eller produkt vil kunne systematisere aktiviteten i desse periodane og styrke kommunikasjonen mellom skule og bedrift i planlegging og gjennomføring av opplæringa.

Fylkeskommunen ser det slik at systematikken i ECVET vil vere ein føremon i realkompetansevurderinga. Realkompetansevurderinga i Norge har berre i nokon grad ein eksplisitt og felles metodikk. Ei god realkompetansevurdering vert like fullt karakterisert nettopp av at fagpersonane har inngåande kunnskap om prosessar, nøkkelaktivitetar, kjernekompetanse og produkt- og tenesterekke innanfor respektive fag, og helst innanfor den type verksemd som den vaksne har sin kompetanse frå. Fagpersonane har dermed naudsynt bakgrunn for samtalen og eventuelle munnlege praktiske oppgåver, samt for å vurdere den vaksne sine svar opp mot læreplanen. Tilnærminga til vurdering av kompetanse i ECVET er soleis ikkje framand i vår realkompetansevurdering. ECVET si systematisering i felles referansepunkt knytt til læringsutbytte basert på jobbaktivitet, kompetanse og «leveranse» vil vere ein styrke i arbeidet med å utvikle realkompetanseinstituttet og gjere verktøyet betre tilpassa målgrupper som har sin kompetanse frå arenaer utanfor Noreg.

Personar som ønskjer godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring

Prognosane viser at det vil vere ein stor trong for arbeidskraft i Norge i åra framover. Denne trongen klarar vi ikkje å dekke gjennom innanlands rekruttering av arbeidskraft. Det vil soleis vere trong for å etablere fleksible ordningar slik at arbeidstakarar frå andre land kan få vurdert fagkompetansen sin opp mot norsk fagutdanning. Norge har i dag inga forvaltningsordning for godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Arbeidstakarar kan vende seg til fylkesmannen for ein uttale, men denne er ikkje bindande. Utdanningsdirektoratet har no fått i oppdrag av Kunnskapsdepartementet å greie ut og tilrå ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagutdanning for yrke som ikkje er lovregulerte. Siste del av høyringa inneheld spørsmål om dette oppdraget.

Fylkeskommunen meiner at ECVET saman med dei andre mobilitetsverktøya vil kunne vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å godkjenne og eventuelt sidestille utanlandsk fagutdanning. Det er noko uklårt korleis Utdanningsdirektoratet vil gjennomføre arbeidet. Fylkeskommunen vil understreke at det er viktig å sikre lik handsaming av dei ulike utdanningane, og at ansvaret for dette må liggje til eit nasjonalt organ. Det vil vere uheldig med ulik praksis i dei ulike fylka. Dersom denne oppgåva skal leggjast til fylkeskommunane, må meirkostnadene dekkast gjennom auka statlege løyvingar.

Konklusjon

Fylkesrådmannen er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

- Prosessen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggjast opp til grundig opplæring og informasjon.
- Ansvaret for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må liggje til eit nasjonalt organ.
- Høringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.